



Statens vegvesen

Opus-To AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Elin Vetaas

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/143509-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.07.2018

Uttale – E39 / Fv. 57 – Bussvaskehall i Knarvik – gnr. 185 bnr. 100 – Lindås kommune


Statens vegvesen syner til brev mottatt 21.06.2018.

Kva saka gjeld:

Hordaland fylkeskommune søker om å oppføre eit nytt tilbygg for å opparbeide vaskehall for buss på gnr. 185 bnr. 100 på Knarvik i Lindås kommune. Tilbygget skal oppførast på allereie utbygd areal og vil ikkje medføre auke i bygd areal på tomta.

Planstatus:

Eigedomen er omfatta av områdeplan for *Tunnel på fv.57, Knarvik – Isdalstø (2013)*, der arealet er avsett til kombinert bustad og næring. Det vert søkt om dispensasjon frå denne planen for plankrav for tiltak, tiltak på bygg som er føresett fjerna i planen, og byggjegrænse langs veg. Ein bør og merke seg plan for ny *KDP E39 Flatøy – Eikefettunnelen* som er under utarbeiding, og som kan få konsekvensar for arealbruken i dette området.



Del av områdeplan for Tunnel på fv.57, Knarvik – Isdalstø (2013). Omsøkt bygg er markert.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Eigedomen ligg sentralt plassert like nord for Hagelsundbrua langs E39. Gjennom gjeldande områdeplan *Tunnel på fv.57, Knarvik – Isdalstø (2013)* er det er planlagt for ny fire-felts veg og starten på ny fire-felts bru nord for dagens bru. I tillegg er det meldt oppstart for nytt planarbeid for *KDP E39 Flatøy – Eikefettunnelen* som skal vurdere desse løysingane på ny. Dette kan medføre plan- og arealmessige endringar i området.

I brev datert 27.06.2018 frå Opus kjem det fram at Fylkeskommunen ser for seg eit driftsperspektiv på 10 år for dette bussanlegget. Sekundært vil fylkeskommunen kunne akseptere at bruken vert stoppa før denne tid etter pålegg frå kommunen, og at tiltaket kan fjernast for eigen rekning i medhald av pbl. § 19-3. Vi meiner at desse vilkåra kan ta i vare våre interesser på ein tilfredsstillande måte.

Når det gjeld dispensasjon frå regulert byggjegrænse har vi ikkje vesentlege merknader til dette, under føresetnad at det vert sikra for at tiltaket er av mellombels karakter. Veganlegget i områdeplanen er ikkje bygd ut, og tiltaket er lokalisert utanfor byggjegrænser langs offentleg veg i høve til dagens vegsituasjon. Vi vurderer at forholda som byggjegrænsa skal ta i vare er tilstrekkeleg sikra sjølv om det vert løyve til ein mellombels dispensasjon.



Ortofoto med dagens situasjon.

Sluttord:

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til tiltaket så lenge det kjem tydleg fram av kommunen sitt vedtak at løyvet er mellombels og at tiltaket ikkje skal vere til hinder eller ulempe for gjennomføring av gjeldande planar for området.

Vi rår også til at det vert sett vilkår slik det er skissert gjennom dispensasjonssøknaden om at bruken kan vert stoppa før løyvet går ut etter pålegg frå kommunen, og at tiltaket skal fjernast for eigen rekning i medhald av pbl. § 19-3.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ